



Notat

Dato: 08.05.2015
Arkivsak: 2014/558-136
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Samferdselsavdelinga ved Inge Edvardsen

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Uttale til kartlegging av ferjeanlegg frå samferdselsavdelinga - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne takkar for orienteringa og presiserer at rådet set pris på å vere involvert så tidleg i prosessen. Rådet har nokre punkt som ein meiner det er viktig å ha med i kartlegginga:

- *Tilrettelegging ferjekai:* Dekke på ferjelemmar og der ein går i land: Potane til førarhundar er ofte utsatt ved bruk av dekke med små hull i.
- *Informasjon:* Korleis er det ivareteke for synshemma? Til dømes med taktil skrift eller med opplesing. På same punkt meiner rådet det kan vere aktuelt å sjå på kor informasjonen er tilgjengeleg, rutehefte i eit monter, lystavle eller inne i eit venterom.
- *Knutepunktsfunksjoner:* Det er eit poeng å måle breidda på døra i venteromma. Sjølv om det er trinnfritt er det ikkje sikkert at ein rullestol kan kome inn.

Med venleg helsing,

Harald Norheim
Leiar